

Sukcess for Sjøtroll på Aktivitetsdagen

18.06.2014



Oddmund Soldal og Stig Kårstad Sjo grilla og serverte mykje laks på Aktivitetsdagen.

I år stilte Sjøtroll opp med eigen stand på Aktivitetdagen i båthavna for første gang. Med eigne grillar/grillarar på plassen og fisk på menyen viste det seg å vera ein populær stand.

På menyen hadde dei wraps med laks og laksetallerken med potetsalat. Mest populært var det med wraps m/laks som stod for ca.70% av salet. Omsetninga enda på heile kr. 16.000,- og det var Sjøtrollgjengen som bestod av Jonny Hansen, Oddmund Soldal, Stig Kårstad Sjo, Robert Sundal og Preben Sundal veldig nögd med. Heile overskotet på kr. 10.000,- blei overrakt til Damvennene og går dermed inn i potten som blir gjeve vidare til Aktivitetshuset.

Damevennene tykkjer dette var flott gjort og takkar for støtta.

Tekst/nett: Anita Enæs
Foto: Jonny Hansen